

**litt om serien:**

Jona er ei lita bok i det Gamle Testamentet, berre 4 korte kapittel. Og det er ei merkeleg, dramatisk og fascinerande historie om ein profet som ikkje liknar på noko anna i Bibelen. Boka handlar om langt meir enn akkuraten den fisken du hugsar frå søndagsskulen. Jona er småleg, trøngsynt, stolt, har nasjonalistiske tendensar og ser ned på andre. Han er rett og slett ein fyr som kjempar med retning og lydigheit, oppdrag og kall, nåde og omvending, Guds bilet og sjølvbilete og mange, mange fleire ting. Kanskje her er noko vi kan kjenne oss igjen i?

**litt om temaet:**

Dei første versa i Jona set scena for heile boka. Jona er ein profet, son til Amittai, som verka under Kong Jeroboam ca. 750 f.Kr. Herrens Ord kjem til han og han vert sendt ut på oppdrag til Nineve hovudstaden i det mektige og brutale Assyria. Men allereie i dei første versa skjønar vi at dette ikkje er ei vanleg profetbok, og at Jona ikkje er ein vanleg profet. Sjølv om han kjenner Gud og hans vilje, vil ikkje Jona gå Guds veg, men sin eigen. Kanskje var han redd, kanskje var det andre grunnar også? For kva vil skje om Israels Gud tilgjev Israels dødsfiende og ikkje vil dømme Nineve nord og ned? Så Jona stikk av i motsett retning.

Spørsmålet til oss alle er: Hadde vi valt annleis? Og svaret er vel i stor grad: Nei. På så mange, ulike måtar utfordrar også vi Guds kall og lever på tvers av det som er sant, rett og godt. Anten ved å beint ut gjere bevisste val på tvers av Guds vilje, eller ved å bli overrumpla av krefter i våre liv vi kanskje ikkje har eit bevisst forhold til, men som frå blindsona kontrollerer oss meir enn vi er klar over. Jona held opp ein ubehagelig spegel til oss og tvingar oss til å stille nokre sjølvtransakande spørsmål.

# Misjon og kampen med kallet

## lære

**Jona 1,1-3**

Menneske som held Bibelen sin autoritet høgt, kjem til ulike konklusjonar om kva slags litteratur

Jona-boka er. Kva kan boka fortelje oss uansett om ho er likning, satire eller krønike?

Jona, son av Amittai betyr «Due, son av sanning». Lever Jona opp til sitt fredsæle og sannferdige namn i dei første tre versa?

## vere

Kva trur du Jona mistenker at Gud vil ha han til å gjere om han får bestemme?

Kan du kjenne deg igjen i frykta for kva Gud kan finne på å gjere i ditt liv?

Kva seier dette oss om biletet vårt av Gud?

## gjere

Korleis kan vi finne ut noko om kva retning Gud vil at vi skal gå? Kva slags hjelp har vi for handa?

Eugene Peterson kallar det å vere disippel «langvarig lydigheit i same retning». Kva er denne retninga, og korleis kan de hjelpe kvarandre til å halde kursen over tid?

## aøre

spel av  
eller syng  
(forslag)

### Lytt:

Salme:

«Backwards» (Kings Kaleidoscope)

434: Det er navnet ditt eg roper (Kallet)

347: Dyraste Jesus, deg vil eg elska



## bøn

Takk Gud for at han er god, og vil oss det beste. Be om at det må få vere styrande for biletet vårt av han.

Be om Den Heilage Ande si hjelp til å forstå når vi er på veg i feil retning, og om hjelp til å rette opp.